

REFERAT

Dato: 02.09.2024

Stad: Nye idrettshuset

Til stede: Isak Hommedal, (vara) Wenche Håvik, Erik Flage, Trond Syversen, Olav Farestveit, Hege Toje.
Atle Seim meldt forfall.

1. Etablering av styret, fordeling av verv

Olav Farestveit, vald leiar

Eirik Flage, nestleiar

Trond Syversen, forset som kasserar

Hege Toje – fortset som sekretær, og får ny oppgåve om webansvar

Atle Seim – fortset styremedlem

Wenche Håvik –styremedlem

Vedtak: Voss idrettsråd vil publisere alle saker som er offentlege og referat frå styremøte på nettsida til Idrettsrådet. Dette vil gjere det enklare å sjå kva idrettsrådet arbeider med for idrettslaga. Kontrollutvalet skal ha tilgang til referat frå styremøte.

2. Oppfølging av årsmøtet

- Erik Flage og Hege Toje går inn som styremedlem i Idrettens olympiade for å styrke forbindelsen mellom Voss idrettsråd og selskapet.
- Nytt medlem i valnemd: Sofie Torlei Olsen

3. Utbetaling av styrehonorar for 2023

Styrehonorar:

Vedtak: Voss idrettsråd vedtek å halde på satsane.

4. Nytt idrettslag på Voss

Voss bowlingklubb er nyleg etablert.

5. Edvard B. Hegboms pris

Fondet har fått friske midlar. Styret diskuterte moglegheita av å plassere delar av midlane i fond for betre avkastning. Kasserar avklarar med banken.

6. LAM midlar – (Lokale aktivitetsmidlar)

Prinsipp for tildeling:

- Voss idrettsråd kan behalda inntil 5 prosent
- Oppstartstøtte for nye lag og grupper.

- Fordelingsnøkkel 3300 per funksjonshemma barn og ungdom, men det finnes berre omkring 20 av desse registrert i heradet.
- Idrettskulen får 35 000 kroner
- Dei andre laga får tildeling basert på antal medlem med born og unge
- Ingen lag med born og unge får mindre enn 1000 kroner.
- Nokre lag vert handsama spesielt

7. Forslag til felles arrangement for idrettslaga på Voss

Voss idrettsråd ønsker å organisere ei erfaringssamling for økonomihandtering i idrettslag. Styret diskuterte også moglegheita av å halde noko saman med Kulturrådet ettersom det er same type utfordringar for kulturlaga.

8. Siste møtoreferat

«Medaljebygda Voss» – har hatt møte:

Forprosjekt med Næringshagen, Voss folkemuseum og Per Finne: har laga minneplatene, og ein «mock-up» som er steget før ein prototype. Ein har starta å tenke på det seremonielle ved opninga, produksjon av teikn, og qr-kodar. Forprosjektet landast i løpet av dette året..

9. Idrettens olympiade

Olav orienterte om utviklinga, OL satsing- vinteridretten i heile Norge, kan tidelegast skje i 2038, men selskapet jobbar vidare med dette med et berekraftig OL basert på eksisterande anlegg og gjenbruk.

10. Reguleringsplan for Bømoen:

- Har laget en plan som tilgodeser idretten meir enn planlagt
- Olav har skreve ei fråsegn på vegne av idrettsrådet

11. Eventuelt:

Sak om anleggsmidlar/tippemidlar: Voss idrettsråd bør ta opp med heradet om å forskottere slike midlar. Klubbane må ta opp lån og betale renter i lang tid medan dei ventar på midlane. Det er fleire kommunar som gjer dette nå.

Sak til neste styremøte: lage ei målretta støtteordning

- Sjå på målretta støtte til idrettslaga – ca. 48 ulike lag
- Kjem det inkluderingsmidlar?
- 140 000 som idrettsrådet skal fordele på drift og vedlikehald. Vedtak på at VIR skal fordele disse. Nils Helge Kvamme må bes om å orientere VIR om desse midlane.

Neste styremøte: måndag 14. oktober kl. 18

Arbeid til neste møte;

Sak om anleggsmidler/tippemidler: **Erik** sjekker opp hva status er på dette i heradet, dette var en sak foreslått til politisk behandling i desember i fjor.

Trond sjekkar opp mogelegheitene for fondssparing og betalar ut honorar.

Hege kontaktar Sofie om nettsider og opplæring.

Olav legg til nye medlem og kontrollutval i teams-rommet.